

## RÅD OM RETT FYRING



1. Bygg bålet riktig - bruk tørr ved



2. Tenn fra toppen



3. Sørg for nok luft

## RETT VEDFYRING

- Bruk tørre vedkubbar nedst og ei blanding av opptenningsved og 2-3 opptenningsbrikettar øvst.
- Tørr ved veg lite og har djupe sprekker. Slår du to kubbar mot kvarandre, skal det låte som når eit balltre treffer ein ball.
- Brukar du fuktig ved (meir enn 20 % fukt), blir sot- og partikkelutsleppa 10 til 30 gonger større.
- Opptenning frå toppen gir raskare oppvarming av brennkammeret, som gjer at ein snøgt får godt trekk i omnsrøyret og skorsteinen. Meir oksygen til flammene og høgare temperatur. Flammene på toppen sørgjer for å varme opp kubbane under slik at desse gir frå seg dei gassane som gjer at bålet brenn og vert halde ved like. Bruk opptenningsbrikettar for og sikre rask nok tenning av opptenningsveden på toppen så unngår du unødvendig røyk i opptenningsfasen.
- Langsam opptenning og låg temperatur fører til at svevestøvet blir mangedobla.

## RÅD OM RETT FYRING

- Pass på at det kjem nok luft inn i huset, slik at omnen får nok luft til forbrenninga. Kjøkkenvifte og ventilasjonsanlegg som dreg luft ut av huset reduserer trekken i skorsteinen. Opne alle ventilalar i omnen. Set gjerne døra på gløtt i opp til 5 minuttar til det brenn godt.
- Først når eldstaden er varm etter ca. 15 minutt, regulerer du ventilane ned. Det er viktig å ikkje stenge spjeldet(a) så mykje at flammene døyr ut. Veden skal alltid brenne med synleg flamme.
- Bål utan flamme doblar utsleppa av kolos og partiklar.
- Invester i ein reintbrennande eldstad. Det gir meir varme og lågare utslepp.
- Toppmonter røykrøyret til eldstaden. Dette aukar varmen eldstaden gir.

Desse råda er utarbeidde i samarbeid med Norsk Varme og Feiermesternes landsforening. Les meir om kampanjen Riktig vedfyring.

Sjå video om rett fyring.

<https://youtu.be/L-6-p69pMjY>

<https://youtu.be/6Bv3EJ17J5o>

## RÅD OM RETT FYRING

- Fyr med tørr ved.
- Ikkje bruk tennvæske og liknande ved opptenning.
- Fyr med god trekk. Legg i litt om gongen, då unngår du at flammene slår opp i skorsteinen og dannar sprekker eller brann. God forbrenning krev mykje luft.
- Unngå rundfyring. Full omn og attskruvd trekk dannar fort beksot. Resultatet kan bli sotbrann.

Gamle vedomnar, laga før 1998, slepp ut bortimot 40 til 70 prosent meir svevestøv enn nyare omnar. Det er difor viktig å skifte til nye, reintbrennande vedomnar. Noreg var først i verda med både å stille krav og å utvikle meir reintbrennande omnar. Resultatet er blitt vesentleg mindre utslepp.

### Krav til vedomnar

Frå 1. juni 1998 innførte myndigheitene nye reglar for godkjenning av vedomnar. Den nye godkjenningsordninga sikrar at vedomnar som vert selde i Noreg gir tilfredsstillande forbrenning slik at energien i veden vert godt utnytta og at utsleppa av røykgass og partiklar vert reduserte. Det er no forbode å selje omnar som ikkje tilfredsstillar utsleppskrava som er gitt i Norsk standard NS 3059.